

Forskargruppe for mellomalderfilologi

Research Group for Medieval Philology

Årsrapport 2012

Odd Einar Haugen, Åslaug Ommundsen og Helen F. Leslie, 12. desember 2012

1. Leiing

Forskargruppa i mellomalderfilologi vart oppretta på eit ope møte 23. januar 2012. **Odd Einar Haugen** har fungert som leiar, og **Åslaug Ommundsen** og **Helen F. Leslie** har vore med i styringsgruppa. I 2012 har Åslaug Ommundsen vore ute i permisjon frå 15. mai til 5. desember, og Helen Leslie har hatt permisjon for å kunne fullføre si PhD-avhandling (planlagt innlevering er ved årsskiftet 2012/2013). Dette har ført til at aktiviteten har vore mindre i haustsemesteret enn i vårsemesteret.

2. Samansetjing av forskargruppa

Forskargruppa har ei epostliste på snautt 40 personar. Innanfor denne lista er det rundt ti personar som har møtt nokolunde fast på arrangementa (men ikkje dei same ti kvar gong).

1.1 Interne medlemmer

- a. Seniorforskarar: Odd Einar Haugen (LLE), Aidan Conti (LLE), Rune Kyrkjebø (UBB), Kari Haugland (IF); frå 1. januar 2013 Jens Eike Schnall (LLE)
- b. Postdoktorar: Åslaug Ommundsen (CMS, frå 1. januar 2013 prosjektleiar ved LLE; i permisjon i 20. februar – 8. mai 2013), Kristel Zilmer (CMS, i permisjon 26. sept. 2012 – 21. juli 2013)
- c. Stipendiatar: Helen Frances Leslie (CMS, fram til 31. des. 2012)
- d. Andre: Eldar Heide, Tonya Kim Dewey, Stephen Mark Carey, Hilde Stoltz

1.2 Eksterne medlemmer

Ingvil Brügger Budal (Norsk Lærerakademi, Bergen), Jonas Wellendorf (University of California, Berkeley), Bernt Øyvind Thorvaldsen (Høgskolen i Telemark), Terje Torgilsteit (Universitetet i Agder)

3. Aktivitetar i 2012

I vårsemesteret heldt vi fem faglege møte. Alle var opne og vart annonserte på nettsidene til instituttet:

1. Åslaug Ommundsen, CMS, UiB: Presentasjon av prosjektet "Frå handskrift-fragment til bokhistorie". (08.02.2012)
2. Stephen Mark Carey, LLE, UiB: Reading Wolfram von Eschenbach's *Parzival* with an Unreliable Companion. (29.02.2012)
3. Daniel Sävborg, Tartu Ülikool: Sägner, sagor och ett gap på sjuhundra år. (21.03.2012)
4. Massimiliano Bampi, Università Ca' Foscari Venezia: Översättning och ideologi i fornsvensk litteratur: från *Eufemiavisorna* till *Sju vise mästarte*. (25.04.2012)
5. Kristel Zilmer, CMS, UiB: *Ave Maria* og *Pater Noster* i nordiske runeinnskrifter. (02.05.2012)

I haustsemesteret heldt vi to møte, også desse opne. Eit planlagt møte med Ingvil Brügger Budal, NLA, måtte avlysast, men kjem til å bli halde i vårsemesteret 2013. Emnet for dette vil vere gammalfransk litteratur.

6. Odd Einar Haugen, UiB: Den islandske *Første grammatiske avhandling* frå midten av 1100-talet. Korleis kan den tapte originalen ha sett ut? (20.09.2012)
7. Stephen Mark Carey, University of Wisconsin, Morris: Otto von Freising's *Chronica sive Historia de duabus civitatibus* . (22.11.2012)

I tillegg til dei faglege møta utarbeidde vi i januar ein kompetanseprofil for medlemmene av gruppa (i vid forstand). Denne er vedlagd.

I februar oppretta vi dessutan ei kurskorg med framlegg til og inspirasjon for felles kurs: <http://folk.uib.no/hnooh/forskargruppe>
Også denne er vedlagd.

Helen F. Leslie og tre studentar deltok på den årlege "Viking Society Student Conference", som vart halden 11. februar 2012 ved Universitetet i Glasgow. Dette er den andre gongen Helen F. Leslie har invitert studentar og teke med seg ei gruppe til England; den førre var i 2011, då det vart halden ein konferanse i Cambridge. Reisene har vore på eigen kostnad.

4. Motteken støtte i 2012

Forskargruppa søkte om og fekk **5.358 kr** i støtte til reise og honorar for Massimiliano Bampi i samband med hans besøk i Bergen i april 2012. Ettersom han budde privat (hos leiaren i forskargruppa) vart dette eit rimeleg tiltak.

Andre tilreisande foredragshaldarar har vore finansierte på anna vis.


Medlemmene i forskargruppa har vore med på mange andre tiltak (konferanse-arrangement o.l.), men ikkje i eigenskap av medlemmer av forskargruppa. Her viser vi til rapporteringa i CRISTIN for dei enkelte medlemmene.

5. Planar for aktivitet i 2013

Gruppa reknar med å halde eit møte i januar 2013 for å velje ny leiing, og for å klargjere kven som vil vere medlemmer av gruppa. Det er full semje om at gruppa skal vere open og at ho dermed kan knyte til seg medlemmer på ein breiare basis, t.d. personar som nettopp er ferdige med sine stipend eller postdoc-stillingar, og som framleis har lyst til å delta i og ha tilknytning til eit fagmiljø.

Aktiviteten i 2013 vil truleg bli på det same nivået som i 2012, og fokuset vil vere på faglege seminar.

Når det gjeld tiltak for opplæring av stipendiatar, er det naturleg å vente til ein ser kven som får nye stipend i fagområdet. Stipendiatar vil under alle omstende bli oppmuntra til å delta på seminara og bruke desse til å leggje fram eigne ting.



Mellomalderleg kurskorg

Utval av kurs i mellomalderfilologi

På møtet 23. januar 2012 bestemte forskargruppa seg for å opprette ei samling av mellomalderkurs, til gjensidig nytte og inspirasjon. Kvart kurs er oppført med ansvarleg kurshaldar og tittel, og det er lenkje til kursplan og leseliste. Kursa er oppførte i den orden dei har kome inn.

Ver merksam på at dette ikkje er kurs som vi tilbyr her og no. Men dei kan gje inspirasjon til nye kurs, som vil bli kunngjorde på vanleg måte på Mi Side.

- ▶ Kristel Zilmer og Odd Einar Haugen: [Skriftkultur i Norden 700-1350](#) (kurs på 200- og 300-nivå, 15 stp.)
- ▶ Stephen M. Carey: [Truth About Fiction: Arthurian Romance in France and Germany](#) (fullt semesterkurs)
- ▶ Stephen M. Carey: [Nordic Roots of Tolkien](#) (fullt semesterkurs)
- ▶ Helen F. Leslie: [Fornaldarsögur: Monsters, Magic and Manuscripts](#) (kurs på 200- og 300-nivå, 15 stp.)
- ▶ Helen F. Leslie: [Oral Tradition and Old Norse Literature](#) (kurs på 200- og 300-nivå, 15 stp.)
- ▶ Aidan Conti, Odd Einar Haugen og Åslaug Ommundsen: [Innføring i kodikologi](#) (kurs på 200-nivå, 5 stp.)
- ▶ Aidan Conti og Kari E. Haugland: [Old English](#) (kurs på 300-nivå, 15 stp.)
- ▶ Aidan Conti, Odd Einar Haugen og Åslaug Ommundsen: [Innføring i paleografi](#) (kurs på 200-nivå, 5 stp.)

Forskargruppe i mellomalderfilologi

Forskargruppa vart oppretta på eit møte 23. januar 2012, etter initiativ frå Odd Einar Haugen, Helen F. Leslie og Åslaug Ommundsen.

Interimstyre

- ▶ Odd Einar Haugen, LLE
- ▶ Helen F. Leslie, CMS
- ▶ Åslaug Ommundsen, LLE

Kompetanseprofil

Kven er medlemer av gruppa - og kva kan dei? Her er eit uformelt oversyn over dei fagfelte som blir dekte i gruppa:

- ▶ [Kompetanseprofil](#) (PDF)



Oppretta 30.01.2012.
Sist oppdatert 02.02.2012.
Kontaktperson: Odd Einar Haugen

Banneret på denne sida er frå bl. 47r i Gammalnorsk homilieboek (AM 619 4to), skreven i Bergen rundt år 1200. I dette utsnittet er teksten på gammalnorsk, men den

raude overskrifta (rubrikken) er på latin. Skrivaren av dette handskriftet er kjend frå fleire andre fragment frå same periode, skrivne på både norsk og latin.

Kompetanseprofil i forskargruppa for mellomalderfilologi

Person	ÅO		AKC		LD		OEH		HFL		EH		KZ		KEH		MH		TKD		SMC		HS		RK		IBB			
	LLE	LLE	LLE	LLE	LLE	LLE	LLE	LLE	CMS	CMS	CMS	CMS	CMS	CMS	IF	IF	IF	IF	LLE	LLE	LLE	LLE	LLE	LLE	LLE	UBB	UBB	NLA	NLA	
Institusjon																														
Kjeldespråk	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Grunn-disiplinær	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Lingvistik	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Litteraturvitenskap	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Medialitet																														
Mytologi																														
Runologi																														
Idéhistorie																														
Realia																														

ÅO = Åslaug Ommundsen | AKC = Aidan K. Conti | LD = Lene Dåvøy | OEH = Odd Einar Haugen | HFL = Hellen Francis Leslie

EH = Eldar Heide | KZ = Kristel Zilmer | KEH = Kari E. Haugland | MH = Margareth Hagen | TKD = Tonya Kim Dewey

SMC = Stephen Mark Carey | HS = Hilde Stoltz | RK = Rune Kyrkjebø | IBB = Ingvil Brügger Budal

LLE = Inst. for lingv., litt. og estet. studium | IF = Inst. for framandspråk | UBB = Univ.bibl | NLA = Norsk Lærarakademi